



The Tall Ships Races held fram med siste etappe. No er det ålvor med kappseglas frå Bergen til Esbjerg. Ein regnar med å vera i hamn 2. august. Ein av kapteinane på Statsraad Lehmkuhl er Jarle Flatebø.

Jarle med far sin, Gerhard, er kjend for mange av oss i Uskedalen. I oppveksten og som ungdom var han mykje her hos besteforeldra sine i Beinavikjo.

Alt då synte han maritime interesser med seglbåtar og færingar i stranda og på Storsund.

uskedalen.no har møtt og skrive om Marit Sjøvangen som er sjukepleiar ombord på seglasen. Gerd Ingunn Bauge frå Korsneset er medseglar til Esbjerg.

Tekst: Kristian Olav Bringedal
Foto: BT-avisa om Tall Ships Races

Nett: Ola Matti Mathisen